



Helse Møre og Romsdal

Vår referanse  
20/1689 20/6402

Dykkar referanse

Sakshandsamar  
Aud Marie Åsen

Dato  
24.08.2020

## **Høyringsuttale utvikling av rehabiliteringstjenester i Møre og Romsdal frå Vanylven kommune**

Rapport om anbefalingar for utvikling av rehabiliteringstjenestene i Møre og Romsdal har i Vanylven kommune vore diskutert med mellomleiarane i sektor for Helse og omsorg. Utifrå dette er vi kome fram til følgjande uttale:

Det kom spørsmål om den pasientgruppa det er henvist til i rapporten er dei som i utgangspunktet høyrer til i spesialisthelsetenesta, og som no vert eit kommunalt ansvar. Tek vi då på oss både meir arbeid og kostnad?

Ein ser at det er eit aukande behov for at fysio -og ergoterapitenesta kjem ytterlegare inn i rehabiliteringsarbeidet. Dette er ein måte å kunne gje brukarane eit tilbod om å kunne leve og meistre kvardagen i sitt nærrområde. Ein ser også at ein internt i avdelingane må arbeide med å ha auka fokus på rehabiliteringstemaet. Dette er også eit ynskje, men det er då eit spørsmål om økonomi og bruk av ressursar til dette arbeidet. Spørsmålet om økonomi vert også aktuelt i forhold til kva for alternativ Vanylven kommune vel for utvikling av rehabiliteringstjenestene. Vanylven kommune ser at alternativ to som foreslege frå styringsgruppa vil truleg vere det beste alternativet for vår kommune. Vi er ein liten kommune og det vil difor vere vanskeleg å skulle byggje opp eit døgntilbod med rehabilitering. Det er likevel ein del moment som må avklarast ved eit eventuelt interkommunalt samarbeid. Det økonomiske aspektet er eit av dei, men også kva tilbod kommunen vil sitje igjen med ettersom vi vert små i forhold til andre kommunar i eit slikt samarbeid. Vil vi som kommune få eit tilbod som samsvarar med det vi investera inn i samarbeidet.

Eit anna moment er også om ein vil ha moglegheit til å kunne trekke seg ut av det interkommunale samarbeidet, om det skulle verte aktuelt. Vi ynskjer ikkje å verte «fanga» i dette prosjektet dersom det viser seg at det er andre fagområdet vi i kommunen må prioritere. Vi ynskjer heller ikkje å tappe omsorgstjenestene for fagressursar til eit mogleg interkommunalt samarbeid. Dette vil vere einaste løysinga sidan vi ikkje har økonomi til å skyte inn friske middlar i eit nytt tiltak.

Vi opplever også at saka er noko lausriven frå andre utfordringar når vi har ansvar for å sjå heilskapen i helse og omsorgstjenestene.

Med helsing

Aud Marie Åsen  
kommunalsjef

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signaturMottakar  
Helse Møre og Romsdal

Kopi til  
Synnøve Melseth

KOPPI